

# SAGRUSTEN – SKREPPHOLET



*Av Knut Raastad, skrivi i 2004*

*Nedre Sagrusten i Nordheradsalmenninga blir også kalla Skreppholet og vart skyldsett som gnr. 94 bnr. 1 i 1861. Dei fyrste som er nemnde i Skreppholet er Knut Pedersen d.y. Skultbakken, i 1852 var han og familien i Skreppholet medan dei var i Skultbakken både i 1850 og 1854.*

*I 1865 blir Ole Nilsen 1826-1911 nemnd som forpaktar i Sagrusten, men i 1875 er han nemnd som sjølveigar. I 1878 brukar han Sagrusten med hjemmel i festeseddel på åremål frå 1867, og til og med 1895 er Ole Nilsen nemnd med skatt for Sagrusten. Ole var frå Moen under Lye og vart i 1848 gift med Guri Jakobsdotter frå Jakobstugun 1818-1899, dei budde truleg hjå dottera i Trælviken etter dei vart gamle og Ole Nilsen er nemnd der i 1900. Ole og Guri hadde barna*

*John 1846-1927*

*Anne 1852-1937, gift 1889 med Jo Grev 1830-1907, dei overtok Trælviken*

*Guri f. 1857*

*Dei to eldste var truleg fødde medan dei budde i Jakobstugun, medan Sagstuen er oppgjeve som buplass i 1857. Truleg er Sagstuen det same som Sagrusten.*

*John vart i 1869 gift med Ragnhild Johnsdotter Sønstlien 1838-1919. I 1870 og 1876 budde dei i Sagrusten, i 1872 på Næbneshaugen medan dei i alle fall frå 1880 var ved Valdeøygarden. John og Ragnhild hadde barna*

*Ole f. 1870*

*Guri f. 1872, gift 1895 med Peder Arnesen Braaten, i Bjørkheim*

*Ragnhild f. 1876*

*John f. 1880, til Amerika*

*Folketellinga 1900 nemner ikkje Sagrusten, det budde såleis ikkje folk der da. Etter dette var Jo Einstulen og kjerringa Mari i Sagrusten. John Olsen Enstulen 1849-1933 fekk fogdens festeseddel på åremål i 1907 med 8 kroner i årleg avgift, ved barnefødsel i 1904 er Skræphullet oppgjeve som bustad. John vart i 1877 gift med Mari Hansdotter Høiberg 1857-1939 frå Sel eller Gausdal. Dei budde tidlegare i Einstulen, Sandnesulen og Sandneshagen. Etter at barna flytte ut, var Jo og Mari att einslege i Sagrusten til sist i 1920-åra. Jo vart nesten blind og dei budde til slutt på megarde Storvik. Barna var*

*Guri f. 1878, død før 1933*

*Iver f. 1885*

*Anne f. 1888, død før 1933*

*Ole f. 1891, i Oslo*

*Jon 1895-1908 drukna*

*Knut f. 1898, i Oslo*

*Mathias f. 1901, i Oslo*

*Johan f. 1904*

*Hans, Hesthagen*

*I 1932 fekk Henrik H Resvold festekontrakt frå skogforvalteren i Nord-Gudbrandsdal mot årsavgift kr 5,-, familien budde der før dei kom til nedre Kleiven, og dei dreiv seinare jorda saman med Kleiven. Men i 1937 var familien i midtre Vetlesæter i Lom.*

*Skreppholet er like nord for Dipra, hustomtene er heilt borte i vegbygginga fyrst på 1960-talet.*

*I 1875 var det i Sagrusten 1 ku, 4 sauer og 7 geit, medan dei sådde ½ tønne bygg, litt rug og ½ tønne poteter.*

*Kjelder: P.Ø.Kvarberg 2000: Slechter i Vågå og Lom, s. 112*

*Folketelling 1865, 1875*

*Gudbrandsdalskommisjonens Indberetning 1882*

*Panteregister/grunnbok*

*Utskrifter kyrkjebok for Vågå*

*Anna Randen: munnleg fortalt*